

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
F11	Knut Øyjordet	16.02.23	7/23

ANG. UTLØP AV ERKLÆRING FOR TRÆLVIKSETRA*Saksdokument:*

1. Brev frå Statskog av 24.10.21 til fjellstyret.
2. Sak 6/12 i fjellstyret (er kopiert og vedlagt saka).

Saksutgreiing og vurdering:

Statskog har sendt eit brev til fjellstyret ang. Trælviksetra i Nordherad statsallmenning. I brevet står det følgjande:

Viser til fjellstyresak 6/12 der Vågå fjellstyre fattet vedtak om at seter på festenr. 11 i Nordherad statsallmenning er falt i det fri. Videre tilrådet Vågå fjellstyre at Statskog skulle tilby erklæring om rett til å ha seterhusa stående, jf. seteforskriftens § 13. I brev av 14.05.2012 tilbyr Statskog slik erklæring for 10 år, regnet fra 14.05.2012.

Erklæringen på seterbebyggelsen utløp 13.05.2022. Statskog ber Vågå fjellstyre om å ta ei ny vurdering etter seteforskriftens § 12 og 13, om hva som skal skje med all seterbebyggelse. I tillegg ber Statskog om at fjellstyret tar en vurdering på hva som skal skje med eventuelt gjenstående gjerde og seterkvea.

I søknad frå Halvor Dalen om bygging av ny seterstue og restaurering av løe, vedtok fjellstyret i sak 6/12:

I behandling av søknad frå Halvor Dalen om å restaurere løa og erstatte gammal seterstue med ei ny, vedtek fjellstyret i medhald av § 12 i "Forskrift om seter og tilleggsjord m.m. i statsallmenning", at setra på festenummer 11 i Nordherad statsallmenning har fulle i det fri. Dette med bakgrunn i opplysningar som ligg føre om bruken av setra, dvs. at seterkvea ikkje har vore nytta til beiting av eigne dyr, eller har vore onna i løpet av dei 20 siste åra.

Dersom vedtak om frifall blir rettskraftig, tilrår fjellstyret at Dalen kan få ha ståande seterbygningane som ein del av gardsbruket, etter § 13 i seteforskrifta. Seterkvea må bli gjerda frå. Fjellstyret har ingen merknad til at løa blir restaurert, og heller ikkje at den falleferdige seterstua blir erstatta med ei ny i same storleik og i stav/laft-konstruksjon, slik Dalen har planar om. Fjellstyret er dessutan samd i at det falleferdige fjøset som er eit vanleg "bordhus", kan rivast.

Løa er restaurert, men planane om bygging av ny seterstue vart ikkje realisert. Den er nokså forfalle. Så vidt vi kjenner til er fjøset rive. Det er ikkje gjerde rundt seterkvea, slik at kvea i praksis fungerer som utmark i dag.

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	90966277	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no

Innstilling til vedtak:

I samband med utløp av erklæring for bygninga på Trælviksetra, meiner fjellstyret at ei erklæring kan vidareførast i 10 nye år for den restaurerte løa. Så vidt fjellstyret er kjent med, står ikkje fjøset «oppe» lenger, og seterstua har forfalle svært mykje. Fjellstyret stiller spørsmål om slike bygg da kan innlemmast i ei erklæring. Når det gjeld seterkvea, så har den i praksis fungert som utmark ei god stund.

Fjellstyret v/fjelloppsynet vil ta ei synfaring nå til våren, for å sjekke om det ligg att gjerde restar eller liknande som burde vore fjerna. Fjellstyret vil følgje opp dette dersom det er behov for fjerning av bygnings- og/eller gjerde restar.

Vedtak:

Samrøystes: Som innstillinga.

Rett utskrift. Går til:

Statskog SF

Kopi til:

Halvor Dalen

Vågåmo, 17.03.23

Knut Øyjordet (e.f)

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	90966277	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no